**Frå:** Bent Are Mjelstad <bent@mjelstadogstokke.no>
**Send:** torsdag 31. august 2023 14:08
**Til:** Therese Lyngbo Iversen
**Emne:** SV: Gjeld sak 23/2519 - Legging av VA-leidningar på gbnr. 8/4 og 15
**Vedlegg:** Situasjonsplan gnr 8 bnr 4-nabovarsel-.pdf; Vedlegg D1_ Situasjonsplan vassleidning.pdf

**Oppfølgingsflagg:** Følg opp
**Status for flagg:** Fullført

Hei.

Viser til e-post.

D et er ikkje sendt inn gravemelding til Vestland Fylkeskommune. Situasjonsplanen er revidert etter merknad frå Vestland Fylkeskommune. I revidert plan er det presisert at vassleidningen vert plassert minimum 3 m frå vegkant. I veiledning til søknad om graveløyve står det: *Søknadsplikta dekkjer fylkeskommunen sitt eigedomsområde og alltid området innanfor 3 meter frå vegkant, uavhengig av kven som er grunneigar.* Det er vurdert slik at når vassleidningen vert lagt minimum 3 m frå vegkant er det ikkje nødvendig med graveløyve.

Me ser at det burde vore nemnt i utgreiinga vår, at planen er endra og begge planane burde vore sendt inn med søknaden. Dersom kommunen meiner at det framleis må sendast søknad om graveløyve før søknaden kan handsamast, vil me gjera det.

Mvh

Bent-Are Mjelstad

Mjelstad og Stokke
RØRLEGGERFORRETNING

Tel: 56 19 31 40
Mob: 48 19 87 29
E-post: bent@mjelstadogstokke.no
Web: www.mjelstadogstokke.no

---

**Fra:** Therese Lyngbo Iversen <therese.lyngbo.iversen@osteroy.kommune.no>
**Sendt:** torsdag 31. august 2023 12:07
**Til:** Bent Are Mjelstad <bent@mjelstadogstokke.no>
**Emne:** Gjeld sak 23/2519 - Legging av VA-leidningar på gbnr. 8/4 og 15

Hei.

Kommunen syner til søknad om tilopling/legging av VA-leidningar på gnr. 8, 4 og 15 motteken 22.08.2023.

I søknaden er det lagt ved svar på nabovarsel frå Vestland fylkeskommune, kor dei syner til at det er krav om løyve til graving og framføring.

Kommunen ber difor om informasjon om dato for innsendt søknad om løyve til graving og framføring, jf. byggesaksforskrifta § 6-2 bokstav d, jf. plan- og bygningslova § 21-5.

Beste helsing

**Therese Iversen**
Rådgjevar

OSTERØY KOMMUNE

56 19 21 00

*Eg gjer merksam på at dette er ei offentleg e-postadresse; både inngåande og utgåande e-post vert vurdert for journalføring i kommunen sitt sak-/arkivsystem og kan verte offentleggjort i tråd med offentleglova.*